



Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

<postNr> LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/13255 - 21/6695

Saksbehandlar:

Tone Furustøl

tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:

29.01.2021

Oversender vedtak om dispensasjon og løyve til klagevurdering - gbnr 60/28 Langenes

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 60/28

Adresse: Langeneset 82, 5912 Seim

Tiltakshavar/eigar: Helge Langenes

Klagar: Helge Langenes representert av advokatfellesskapet Riisøen og Nygaard

Saka gjeld:

Saka gjeld klage på delegert vedtak, sak 20/13255, datert 30.10.2020, om avslag på søknad om etablering av naust – gbnr 60/28 Langenes.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 20.01.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 30.10.2020 ikkje vart oppretthaldt og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

Utval for areal, plan og miljø - 005/21:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i

kommunedelplan for tidlegare Lindås og byggjegrense mot sjø, jf. pbl § 1-8, for oppføring av naust.

Med heimel i pbl §§ 20-3, jf. 20-2, jf. 20-1, vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av naust som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er følgjande:

- Oppføring av naustet vil ikkje føre til nokon terrenginngrep sidan det skal byggjast på stad der det har vore bygning før.

- Fotavtrykket (BYA) vil ikkje vere større enn det opprinnelege naustet/ sjøbu.
- Naustet er eit viktig kulturminne som vil vere tro mot original og lokal byggeskikk og tidlegare sjøbu.
- Bygget vil ikkje verte ruvande eller dominerande på denne staden
- Naustet får eit fint arkitektonisk uttrykk med tradisjonelle naudsynte funksjonar.
- 2. etasje skal ikkje nyttast til hytteliknande bruk.
- Naustet vil bidra til å oppretthalde kystkulturen. Presedensverknaden er ikkje tilstades då det her er snakk om gjenoppbygging av eit tidlegare bygg på staden.

Utval for areal, plan og miljø meiner at dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verta vesentleg sett til side, og for det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatte. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar arealforvaltning

Tone Furustøl
Rådgjevar

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om etablering av naust - gbnr 60/28 Langnes
Avslag på søknad om etablering av naust - gbnr 60/28 Langenes
Kart
Teikningar
Uttale - gbnr 60/28 Langenes - gjenoppbygging av naust - dispensasjon
Søknad om tillatelse til tiltak
Opplysningar om ytre rammer og bygningsspesifikasjon
Dispensasjonssøknad
Nabovarsel
Følgeskriv
Vedlegg Q-1 Bileter
Klage på avslag på søknad om etablering av naust
Vedlegg til klage - Naboerklæring og foto (dok 1-2-3)
Vedlegg til klage - Skøyte
Vedlegg til klage - Dokument 5 og 6 til saka

Kopi til:

Helge Langenes
Langenes Bygg AS

Langeneset 82 5912
Kvassnesvegen 5914

SEIM
ISDALSTØ

Kopi til:

Langenes Bygg AS

19

Kvassnesvegen 5914

19

ISDALSTØ

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER